



Bustadene på Eiklandet er planlagt bygde mellom riksvegen og fjorden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rådmannen finn ikkje nye moment i klaga på Eiklandet-prosjektet og går inn for at forvaltningskomiteen i sitt møte 5. september skal seia nei til den og stadfesta tidlegare vedtak. Men avkøyrsløse-problemet er framleis ikkje avklara.

. Komiteen har tidlegare gjeve rammeløyve til eit bustadprosjekt med åtte husvære der Uskedal Trelastlager heldt til tidlegare. Komiteen skal på synfaring før den tek avgjerd i klagesaka.

Klagar Oddborg Myklebust hevdar at dei åtte huseiningane på tre høgder og med flate tak vil redusere den gode utsikten som er i dag og krev at bygningane vert redusert og får ei mindre dominerande utforming. Bustadene har verandaløysing vendt mot huset hennar og utgjør ei ulempe. Ho hevdar også at bustadene er eit brot på god, vestlandsk byggeskikk og attpåtil vert dei plassert i strandsona.

Administrasjonen peikar på at bustadane har dagens moderne og urbane form med stramme, markerte firkanta former, flate tak og takveranda. Dette har vorte arkitektar sin tidstrend og vil for ettertida gjenspegla denne, meiner administrasjonen. Den peikar på at det ikkje er reguleringsplan eller føresegner for staden og difor er byggjestilen meir open. I kommuneplanen er arealføremålet bustad.

Snitt-teikning viser at golv i tredje høgda er 80 centimeter høgare enn kjellargolvet til klagaren og takmønet omtrent i ståhøgde frå stoveglas. Verandaer vil få ei avstand på 38 meter frå klagaren og synest ikkje generande tett, skriv administrasjonen.

Klagaren Thomas Eik vil ikkje godta nokon endring på hans eigedom med omsyn til avkøyrsløse. Løysinga må i sin heilheit finnast på eigdommen der bygningane skal oppførast, krev han.

Her bemerker administrasjonen at dette er private forhold som partane sjølve må einast om. Dei må eventuelt saman med vegvesenet finna fram til ein annan utforming/plassering av avkøyrsløse som er tilstrekkeleg trafikksikker for riksveg 48.

Administrasjonen held fast på vilkåret om at avkøyrsløse må vera ferdig oparbeidd og godkjent av vegvesenet før igongsetjingsløyve for bustadane vert gjeve. Vegkontoret si godkjenning forutset at naboane vert einige.

Av Ola Matti Mathisen

